



NOTAT

Til: Fylkesordføraren i Rogaland
Fylkesordføraren i Hordaland

Dato: 2. juli 2013

Frå: Opplæringsdirektøren i Hordaland

Arkivsak: 201305592-1/SVEHEG1

Arkivnr.: 520

Eit framtidretta skuletilbod for ungdom frå Etne og Vindafjord

På bakgrunn av møte mellom fylkesordførarane i Rogaland og Hordaland 27. juni 2013 vert det no starta eit utgreiingsarbeid med sikte på å utvikle eit framtidretta og robust samarbeid om vidaregåande opplæring til beste for ungdom frå Etne og Vindafjord. Arbeidet vil omfatte både innhald og organisering.

Gjennom mange år har det vore gjort godt arbeid for å samordne skuletilbodet mellom Ølen vidaregåande skule og Etne vidaregåande skule, ikkje minst med tanke på å unngå konkurrerende fagtilbod. Ein avtale om kjøp av skuleplassar over fylkesgrensa frå 2005 har også hatt som siktemål å gje ungdom i regionen tilgang til eit best mogeleg tilbod samla sett. Den organisatoriske ramma for opplæringstilbodet har vore dei to sjølvstendige vidaregåande skulane i Etne og Ølen.

Forankring

Utviklingsarbeidet skal vere politisk forankra i vedtaksorgan i dei to fylkeskommunane og gje grunnlag for politiske vedtak om utdanningsprogram og organisering med verknad frå og med skuleåret 2014-2015 (utdanningsprogram) og skuleåret 2015-2016 (organisatoriske endringar).

Arbeidsprosess

Utviklingsarbeidet vert gjennomført av ei prosjektgruppe med representantar frå Rogaland fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune. Mandat for prosjektgruppa og samansetjing blir fastsett av fylkesutvala i Rogaland og Hordaland. Prosjektgruppa legg fram ei tilråding om utdanningsprogram og organisatorisk ramme for vidaregåande opplæring med Etne og Vindafjord som primære rekrutteringskommunar.

Mandat

Den overordna målsetjinga med utviklingsarbeidet er å sikre eit framtidretta og robust opplæringstilbod av god kvalitet, som gjer at ungdom på begge sider av fylkesgrensa i praksis har likeverdig tilgang til eit felles tilbod. Prosjektgruppa skal greie ut breidde og innhald i opplæringstilbodet og kome med tilråding om ein langsiktig og berekraftig tilbodsstruktur. Prosjektet skal også vurdere organisatoriske endringar, medrekna ein ny skulestruktur, eventuelt tettare og meir formalisert samhandling mellom dei noverande skulane.

Det blir ikkje lagt historiske bindingar på tilråding om fagtilbod, men det er naturleg å ta omsyn til kva føresetnader som alt finst ved dei vidaregåande skulane i Etne og Ølen. Tilrådingane må byggje på ei vurdering av elevtilgang, rekrutteringsevne, fullverdig opplæring (mellom anna tilgang på læreplassar) og fagleg kvalitet. Det er viktig at aktuelle søkjarar får god informasjon om alle tilbod i regionen.

Prosjektgruppe

Prosjektgruppa blir samansett slik:

- Inntaksleiar i Rogaland
- Inntaksleiar i Hordaland
- Rektor ved Ølen vidaregåande skule
- Rektor ved Etne vidaregåande skule
- Ein representant frå leiargruppa ved opplæringsavdelinga i Rogaland
- Ein representant frå leiargruppa ved opplæringsavdelinga i Hordaland

Framdrift

Avhengig av tilrådingane frå prosjektgruppa og politiske vedtak vil gjennomføringa av prosessen møte ulike utfordringar. Samordning av fagtilbodet vil kunne setjast i verk frå og med skuleåret 2014-2015. Likeverdig tilgang til eit felles opplæringstilbod på tvers av fylkesgrensa vil vere det sentrale. Eventuelle organisatoriske endringar kan tidlegast vere på plass til skuleåret 2015-2016. Det vert difor lagt opp til ein prosess med vedtak i to omgangar:

- a. Tilråding om fagtilbod – med sikte på politiske vedtak seinast i desember 2013
- b. Eventuell tilråding om organisatoriske endringar – med sikte på vedtak i fylkestinga i mars 2014